

HERRE JESUS KRISTUS,

DU LÆKTE SJUKE OG TOK DEG AV DEI SOM VAR HJELPELAUSE.

VI KJENNER OSS HJELPELAUSE I DENNE KRITISKE TIDA FOR MENNESKE I HEILE VERDA.

TA DEG AV DEI SOM ER SMITTA OG DEI SOM ER SJUKE. LAT DEI FÅ ATT HELSA.

BESKYTT DEI SOM HAR LÅGT IMMUNFORSVAR, FRÅ Å VERTE SMITTA.

KOM MED DIN FRED TIL DEI SOM ER REDDE.

VERNA DEI SOM ARBEIDER I HELSEVESENET OG OMSORGSTENESTENE, SÅ DEI IKKJE VERT SMITTA.

VI BED FOR SKULEELEVAR, FAMILIAR OG VERKSEMDER SOM VERT RAMMA HARDT AV DENNE EPIDEMIEN.

GJE VISDOM TIL STYRESMAKTENE I KOMMUNEN VÅR, I NOREG OG I VERDA TIL Å HANDTERE DENNE SITUASJONEN.

HJELP OSS Å FÅ KONTROLL OVER SPREIINGA AV CORONA-VIRUSET.

MISKUNNA DEG OVER OSS, HERRE JESUS.

DU SKAL IKKJE FRYKTA FOR REDSLER I NATTA,

FOR PILER SOM FLYG OM DAGEN,

FOR PEST SOM FER FRAM I MØRKRET,

FOR PLAGE SOM HERJAR VED MIDDAGSTID.

SALME 91, 5 – 6

---

TRENG DU NOKON Å SNAKKA MED I DENNE TIDA,

KAN DU RINGE PREST, DIAKON ELLER EIN ANNAN AV DEIS TILSETTE I KYRKJA.

404 58 649

---

DU KAN ÒG TA KONTAKT MED KIRKENS SOS:

[WWW.KIRKENS-SOS.NO/TELEFON](http://WWW.KIRKENS-SOS.NO/TELEFON)



**DEN NORSKE KYRKJA**